

## BYGDEBOKNEMNDA FOR LINDÅS SOKN - ÅRSMELDING 2013

*Det meste av arbeidet har i år vore konsentrert om å få system på biletksamlinga.. Alle biletene, også dei som ikkje er brukte i boka, vert registrerte på gards-og bruksnr. i ein database. I tillegg vil me og prøva å få til fleire søkjeord, som t.d. kyrkje, skule, arbeid, fritid m.m. Dette vil gjera det mykje enklare å få tak i aktuelle biletene for seinare bruk.. Målet er å kunna skaffa fram biletkopiar til dei som ønskjer det, og kunna ta i mot fleire eldre biletene, skanna dei og få lagt dei inn i databasen.*

Me har delteke på eitt arrangement i senteret, hobbydagen 28. september. Då hadde me med pc-ar og viste korleis Brother's keeper kunne hjelpe i arbeidet med slektsgransking. På torgdagen på Lindås deltok me og selde nokre bøker i tillegg til å visa oss fram.

*Nemnda hadde årsmøte 11. februar 2013, elles har me hatt 2 nemndmøte, 15.04 og 2. 09. og to utvalsmøte 27.09. og 4.11. Til å få til eit godt og brukarvennleg databasert system på biletksamlinga, har Jarle Fanebust og Bjarte Brundtland lagt ned mykje arbeid.*

**Økonomisk stode .** Ved utgangen av 2013 er gjelda 20 000 kr til Bygdebok for Myking Sokn. Dei har fått tilbakebetalt 20 000 kr i 2013. Boklageret er på omlag 1500 eksemplar, og i bank og kasse har me 31 682 kr. Me kan såleis betala Myking ut når dei måtte ha bruk for pengane sine. Ein del av kontorutstyret treng å fornyast, og med auka aktivitet må me rekna med større kontorutgifter.

Det har vore sold bøker for 21 168 kr, og kalenderar for 4440 kr. Tilskot frå kommunen til drifta var 5000 kr, og bygdelaget sitt tilskot til husleiga har vore 3000 kr.

Samla utgifter var vel 14 000 kr, av det er husleige og senteravgift vel 9 000 kr. Det har ikkje vore føreteke større investeringar eller reparasjonar, men ein ny harddisk for ekstern tryggleikslagring og ein opptakar for intervju er innkjøpte. 1 boksett er gitt til legekontoret i Lindås senter.

*Takk også i år til Hundvin Handel , Sparebanken Vest (1. halvår) og Molly Me (2. halvår) som har bidrøye med sal og utstilling av bøker/kalenderar.*

Gjertrud Fanebust  
Formann

Irene Iversen  
Nestformann

Reidar Haukås  
Styremedlem

Audun Fanebust  
Styremedlem

Hans J.Låstad Lygre  
Styremedlem

Sigbjørn Tenjum  
Styremedlem

Karstein Stene  
Styremedlem

Ove Jan Paulsen  
Styremedlem

Kjell Hauge  
Kasserar

